

Immanuels ætt

Tak tid til å bede.

Av uvener kringsett. Av svivyrding mett.
Ho gjeng gjennom verdi, Immanuels ætt.
Ho misste si æra. Vart svæarta av spott,
som fyrr hennar Meistar og frelsar og drott.

Som stormpløyde havet det bryt kringom flud,
slik rasar no verdi kring frelsarens brud.
Dei vil henne føra mot Helvites port —
Og mot denne storflaum ho maktar ei stort.

Med lokking og freisting, med trugsmål og mord.
Med meiningslaus tolking av Frelsarens Ord.
Med gift i den mat ho skal ha for si sjæl
Immanuels ætt no skal pinast i hell!

Men brudgommen gav ho sitt mektige Ord,
som ei skal forgangast, som himmel og jord.
Og lit ho på Ordet, då skal ho få sjå
at ho over verdi skal sigrande stå!

Johs. M. L. Rydland.